



■ rundskriv nr. 6/18

Frå:	Til:
Utdanningsavdelinga	Dei vidaregåande skolane i Møre og Romsdal
Dato:	Ref:
15.06.2018	71843/2018/A40

Vurdering, fråværsføring og bruk av skoledatasystem

Dette rundskrivet er ei presisering som gjeld bruk i skoledatasystema etter reglane i opplæringslova, forskrifta og rundskriv frå Utdanningsdirektoratet og skoleeigar. Det erstattar rundskriv 12/16.

1. Vurdering

Skolearena Vurdering skal brukast for å dokumentere alle undervegsvurderingar i fag, med minimum dato og fagområde.

Fagsamtale og halvårvurdering utan karakter skal også dokumenterast i Skolearena Vurdering med minimum dato. Vi viser til dokumentet frå skoleeigar: «Avklaring av omgrep i kapittel 3 i forskrift til opplæringslova om samtalar med elevar og føresette».

Vi presiserer at eigenvurderinga til eleven er ein del av undervegsvurderinga. Eleven skal delta aktivt i vurderinga av eige arbeid, eigen kompetanse og eiga fagleg utvikling, jf. Opplæringslova §2-3 og 3-4.

2. Fråværsmodul

Skolearena fråværsmodul(Hypernet) er verktøyet for fråværsføring i fylkeskommunen. Det skal brukast av alle skolane, til fråværsføring, merknader og varsel i fag.

Alle skolane skal bruke pålogginga for føresette i Skolearena.

3. Nytt skoleadministrativt system, Visma InSchool

Det nye felles skoleadministrative systemet, Visma InSchool, som alle fylka skal bruke, vil bli innført i vårt fylke til skolestart august 2019.

Fram til innføringa av Visma InSchool skal alle skolane i Møre og Romsdal bruke Extens, Skolearena og itslearning. Itslearning er nå vårt LMS, etter mange år med Fronter.

4. Skytenester Office365 og G-suite

Vi ønskjer å tilrettelegge for bruk av både Office 365 og G-suite og lærar og elevar har fått brukarkontoar i begge system. Det er viktig at skulane planlegg kva dei ønskjer å oppnå med og bruke desse systema, dei er tenkt som eit supplement til system vi har fra før.

Begge systema kan brukast både administrativt og pedagogisk. Itslearning er vårt LMS, der det blir generert fagrom for alle fag, med riktig knytning til lærar og elev. Itslearning skal brukast som fag/klasserom i alle fag, og alle planar (lekseplan, vekeplan, fagplan med meir), lenkjer og viktig informasjon bør liggje der. Itslearning er integrert med Office 365 og G-suite slik at lærarar og elevar kan gjere koblingar mellom LMS og desse skytenestane der det er ønskeleg.

5. Sensitive data

Vi ber skolane om å vere merksame på merknadsfeltet slik at det ikkje ligg merknader der som kan oppfattast som personsensitive, jf. vedlagte oversyn over aktuelle område der ein kan finne personsensitiv informasjon.

Med helsing

Erik Brekken
fylkesutdanningssjef

Gry Rishaug Hansen
rådgivar

Gjenpart:
Fylkesrådmannen
Fylkesordføraren
Lærarorganisasjonane
Utdanningsutvalet
Yrkesopplæringsnemnda